

# VEDTEKTER FOR STIFTELSEN ARKIVET

Vedtatt 24.august 1998  
med endringar i parar. 5 og 6 vedtatt 8.april 2000,  
med endringar i paragr. 3, 5, 6 og 8 vedtatt 7. mai 2001  
med endringar i paragr 3, 4, 5, 6 og 8 vedtatt 8. mai 2002  
med endringar i paragr 3, 4, 5, 6 og 8 vedtatt 8. mai 2006  
med endringar i paragr 5 og 6 vedtatt 8. mai 2014  
med endringar i paragr 3, 6 og 7 vedtatt 8.mai 2016  
med endringar i paragr 5 vedtatt 8.mai 2018  
med justering av paragr 6 i henhold til gjeldande lovverk 3.april 2019

1.

**Namn** Namnet skal vere STIFTELSEN ARKIVET.

2.

**Stad** Stiftelsen skal ha sete i Kristiansand.

3.

**Formål**

Formålet med stiftelsen er å eige og forvalte det tidligare Statsarkivet i Kristiansand. Bygningen blei brukt som hovudkvarter for Gestapo under okkupasjonen. Bygningen skal vere ein del av eit informasjonssenter om okkupasjonen og krigstida 1940-45. Det skal også vere eit utdanningscenter for framtidsetta fredsarbeid, basert på demokrati, fridom og menneskeverd. Siktemålet er å få til eit nært samarbeid med tilsvarande interesseorganisasjonar og sikre eit godt samarbeid med alle delar av utdanningssystemet. Stiftelsen skal drive og ha ansvar for vitskapleg forskning på dei aktuelle fagområda.

4.

**Grunn-  
kapital**

Stiftelsen hadde ved etableringa ein grunnkapital på kr 200 000. Dette har gradvis auka til kr 302 000 ved utgangen av 2016. I 2016-2017 vart Stiftelsen

fusjonert med Stiftelsen Internasjonalt Hus. Sistnemnde hadde ved etableringa i februar 2000 ein grunnkapital på kr 150 000. Ved fusjonstidspunktet hadde Stiftelsen Internasjonalt Hus ein bokført grunnkapital kr 211 000. Dette inneber at den nye fusjonerte stiftelsen ved fusjonstidspunktet har ein grunnkapital på kr 513 000. Grunnkapitalen skal vera urørleg, og minst ein tidel av den årlege avkastinga skal leggjast til kapitalen.

## 5.

### **Styret**

Stiftelsen skal ha eit styre på 6 til 10 medlemmer med inntil 4 varamedlemmer, valde for 2 år om gangen. Styremedlemmer valt av Rådet kan gjenvelgast inntil 4 gangar. Styret skal representere både offentlege og private interesser i landsdelen og utgjere ei fagleg og historieinteressert gruppe som kan gjennomføre formålet.

Kristiansand kommune, Aust-Agder og Vest-Agder fylkeskommunar har forslagsrett, og kan innstille inntil to styrekandidatar kvar til valkomiteen. Valkomiteen innstiller overfor Rådet.

Kunnskapsdepartementet oppnemner eit medlem med varamedlem til styret. Veneforeininga oppnemner eit medlem, med varamedlem, til styret. Ansatte oppnemner eit medlem med varamedlem til styret. Styret har ansvaret for drifta av stiftelsen og skipar til passande sekretariat og tilset dagleg leiar. Dagleg leiar tilset anna personale i samråd med styret. Styret skal handsame og godkjenne årsmelding og rekneskap.

## 6.

### **Rådet**

Stiftelsen skal ha eit råd på inntil 25 medlemmer. Valet gjeld for 2 år og rådet vel sjølv formann og nestformann.

Rådet skal representere offentlege og private interesser i landsdelen og i landet elles, og setjast saman slik at det har fagleg breidde og ideologisk engasjement i samsvar med stiftelsen sitt formål.

Rådet fastset vedtekter for stiftelsen etter forslag frå styret.

Rådet har elles desse oppgåvene:

- velje medlemmer med varamedlemmer til styret i samsvar med § 5
- velje leiar og nestleiar til styret
- velje medlemmer til rådet i samsvar med § 6
- velje valnemnd på fem medlemmer
- avgje uttalelse om årsrekneskapen og årsmelding

- gje råd i saker som styret sender over
- sjølv ta opp saker av interesse

Rådet har vanlegvis eit møte i året – innan utgangen av juni.  
Styreleiar og dagleg leiar har møte- og talerett i rådsmøta. Styrets øvrige medlemmar har møterett.

## 7.

**Rekneskap/** Rekneskapen skal fylgje kalenderåret. Årsmelding og revidert rekneskap  
**Revisjon** skal leggjast fram for rådet til uttale.

Styret tilset revisor.

## 8.

**Vedtekts-** Endringar av vedtektene krev 2/3 fleirtal i rådet.  
**endring** Omlegging av drifta eller nedlegging krev 2/3 fleirtal  
**Nedlegging** i styret og tilslutning frå rådet

Ved eventuell nedlegging skal det samstundes gjerast vedtak om korleis eigedomen og andre midlar skal disponerast.

Tilskot til vitenskapleg forskning skal disponerast i samsvar med denne føresetnad ved ei eventuell oppløysing av stiftelsen.

24/8 – 1998.  
Osmund Faremo

3/4- 2020

Audun Myhre (sign)  
Direktør